

Dato: 16.07.2019

Fylkesmannen i Vestland  
v/ Gøsta Hagenlund  
Statens hus  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

### Dokumentasjon i samband med søknad om endring av utsleppsløyve – Eidsmona

Vi viser til e-post motteke 04.07.2019, der de etterspør meir dokumentasjon i samband med vår søknad om å endre vilkåra i vårt utsleppsløyve for hovudanlegget vårt i Eidsmona.

#### Planstatus for utvida areal

Vi viser til Gloppen kommune sin reguleringsplan for Eidsmona industriområde (Plan id: 198902 ). Eigedommen som Nomil søker om å få ta i bruk (gnr. 76 bnr.147) er regulert til nærings- og industriføremål. Som det går fram av planen sin tekstdel, var det ved etablering av denne planen gjeve tilbakemelding til Gloppen kommune, om mogleg behov for framtidig utviding av areal.

#### Detaljteikningar over arealbruk

Vi viser til vedlagte detaljteikningar for noverande og planlagt framtidig arealbruk. Mellom dei store tiltenkte endringane er utviding av område som er nytt til gjenbruksstasjon. Dette tiltaket skal vere med på å auke mottakskapasiteten når gjenbruksstasjonen er open. Dette tiltaket vil gjere at mottak av alle fraksjonar kan skje på same område, og at ein slik unngår at trafikk med personbilar kryssar området med anleggsmaskiner for å leve enkelte fraksjonar. I tillegg inneholder området ei nytt overbygg der ein planlegg å lagre asbest, isolerglass og enkelte ferdigpakka kolli med farleg avfall. Dette for å stette krava til lagring av farleg avfall på ein betre måte. Dette tiltaket er byggjesøkt og godkjent av Gloppen kommune, samt påbegynt.

Det er i tillegg sett av midlar til eit framtidig byggeprosjekt i tilknyting til eksisterande hall for sortering og pressing av papir/papp/plastemballasje. Det er tiltenkt overbygg i begge endar av eksisterande hall, slik at levering, sortering, pressing og lagring av desse fraksjonane kan skje utan gjentekne kryssingar av uteområde. Denne transporten er i dag ein viktig bidragsytar til flygeavfall. Ei fjerning av desse fraksjonane fra lager i sorteringshallen vil og gjøre det mogleg å lagre glas- og metallemballasje, samt impregnert trevirke under tak. Lagring av glas- og metallemballasje utandørs er no ein viktig kjelde til spreieing av flygeavfall langs bakken. Vi gjer dykk merksam på at dette prosjektet per dags dato berre er på skisseblokka, og at prosessen rundt byggjesøknad m.m. ikkje er påbegynt.

Ved ei utviding av vårt område til å omfatte gnr. 76 bnr.147, er det nye området i hovudsak tiltenkt lagring av trevirke og hageavfall, samt kverning av dette. Dette vil ikkje medføre oppsetting av nye bygg, med berre dekkelegging og eventuelle murar.

Ei utviding og omgjering av arealbruk er frå Nomil si side sett på som avgjerande for å kunne ta unna dei auka mengde med avfall, som vil kome knytt til etablering av Kinn kommune. Dagens areal er allereie ein avgrensande faktor for noverande drift. Ein har utfordringar knytt til m.a. lagring av farleg avfall og ei forsvarleg trafikkavvikling.

## Oversikt over avfallsmengder

Vi viser til vedlagt dokumentasjon, som er basert på dei årlege rapportane som tidlegare er levert til Fylkesmannen.

## Merknadar til Nomil si drift

I løpet av dei siste tre åra er det kome merknadar og klage frå brukarar av naboeigedomar. Klagene er knytt til flygeavfall. Eksisterande inngjering av området har opningar langs bakken, som gjer at avfall som vert teke av vind langs bakken, kan kome under gjerdet. Ein har gjort tiltak, i form av tetting av mellomrommet med plank, mot areal som grensar mot Gloppen kommune sin uteseksjon, samt langs delar av gjerder som grensar mot vegen. Tilsvarande er det kjøpt inn materiale til å gjere same tiltak på resterande inngjering langs vegen. Vi reknar dette for å vere eit effektivt tiltak. I tillegg har ein dei to siste år gjennomført ryddeaksjon på vårparten. Ein har her fått hjelp frå lokalt idrettslag, som har stilt med folk for å gjennomføre effektiv ryddeaksjon på Nomil sitt område, og langs areal som grensar til Nomil sitt anlegg. Dette er eit tiltak som vi vil oppretthalde, og som vi vurderer å utvide til fleire årlege ryddeaksjonar.

## Dokumentasjonskrav jf. Internkontrollføreskrifta

Som Fylkesmannen allereie er kjent med , vart det gjennomført ei større arbeid i samband med internkontroll, i etterkant av internkontrollrevisjon i 2016. Det er sendt inn ein omfattande dokumentasjon i samband med denne saka.

Sidan siste innsending av dokumentasjon knytt til dette, har ein mellom anna gjennomført rundar med opplæring, særskilt knytt til handtering av farleg avfall. Tilsette ved gjenbruksstasjonane har fått grunnleggande opplæring i bruk av elektronisk avfallsdeklarering, samt at vi har utarbeidd informasjonsmateriale til utdeling. Då opplæring er ein kontinuerleg prosess, er dette tiltak som vil verte vidareført i form av samlingar for aktuelle tilsette og innleigde, ein eller fleire gongar i året.

Ikkje alle tiltak som var planlagt i samband med internkontrollrevisjon er gjennomført. Nomil har dei siste to åra gått gjennom store endinger, m.a. knytt til overtaking av renovasjonskjøring i kjølevatnet av konkursen i RenoNorden, overtaking av drift på gjenbruksstasjonar som tidlegare var drifta av eksternt selskap, utbytting av leiing og administrasjon og det noverande arbeidet med kommunenesamanslåingar. Dette har medført at ein har hatt ei stor mengd uførutsett arbeid som ein har måtte prioritere. Ikkje alle oppgåver som ein ynskjer å utføre har lete seg realisere med noverande ressursar og personale. Vi vurderer at vi framleis ikkje fyller alle krava knytt til samordning av internkontroll, fastsetting av målsetjingar, substitusjon og beredskap.

Vi viser til at vi har utlyst ei stilling som driftsleiar for anlegget i Eidsmona. Som det går fram frå denne stillingsutlysinga, vil vedkomande ha ei sentral rolle i å implementere, kvalitetssikre og følgje opp at den daglege drifta er i samsvar med gjeldande regelverk og rutinar. Vidare har vi vore i kontakt med NSO i samband med komande endra krav for industrivern. Som resultat av denne kontakten, har vi gjort utvida risikoanalysar knytt til beredskap. Ein har avtale om oppfølging på staden frå NSO over sommaren, samt at ein har starta dialog med lokalt brannvern. Vi ser at dette arbeidet og vil vere avgjerande for å stette dei krav som er stilt i samband med beredskap mot ureining.

Med helsing  
Nordfjord miljøverk Iks  
*Inge Bent Arnestad*

Inge Bent Arnestad  
Adm.direktør

*Janne G. Bareksten*  
Janne Bareksten  
Miljøkonsulent

Vedlegg:

- Reguleringsplan Eidsmona industriområde tekstdel
- Reguleringsplan Eidsmona industriområde plankart
- Detaljteikning – noverande arealbruk.
- Detaljteikning – planlagt framtidig arealbruk
- Oversikt over mottekne mengder avfall i 2016, 2017 og 2018